

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune støttar grunngjevinga for endring i vedtektene for Stiftinga Hordamuseet til følgjande ordlyd i § 7 *Samlingane*:

"Hordamuseets samlingar av hus og gjenstandar skal forvaltast og utviklast etter best mogleg fagleg skjønn og i henhold til gjeldande planverk i Bymuseet i Bergen, samt nasjonale standardar og ICOM sine etiske retningsliner. Innsamling og avhending/destruksjon av enkeltgjenstandar skal skje etter nøye vurdering og etter vedtak frå direktøren for Bymuseet eller den direktøren vel å delegere dette til. Ved eventuelt ønskje om innsamling eller avhending/destruksjon av bygningar og delsamlingar skal fagleg vurdering og innstilling til vedtak frå direktør i Bymuseet leggjast fram for eigarstyret i Stiftinga".